



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

10 SEP 2001

ARKIV

RV

Rylandsvåg Drift AS

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

5917 ROSSLAND

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Vår dato: 07 09. 2001

Vår ref.: NVE 200100943-8 rv/sme

Arkiv: 911-552.3/059.2Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamarar:

Siss-May Edvardsen / Jens Aabel

57 83 36 66 / 22 95 90 11

Org.nr.:

NO 970 205 039 MVA

Bankkonto:

0827 10 14156

Oversending av løyve til regulering og uttak av vatn i Rylandsvassdraget, Meland kommune, Hordaland

Vi syner til søknad dagsett 23.05.2000.


Vedlagt vert løyve med vilkår fastsett i medhald av vassressurslova § 8 til regulering og uttak vatn frå Rylandsvassdraget oversend.


Ei grunngjeving for vedtaket følgjer av vedlagde notat *Bakgrunn for vedtak*.

Vi gjer merksam på at løyve etter vassressurslova gjeld i høve til eventuelle verknader som utbygginga/tiltaket kan medføre for ålmenta sin interesser knytt til vassdraget. Løyvet gjev ikkje heimel for eventuell ekspropriasjon av rettar for å kunne gjennomføre tiltaket. Søkjar har sjølv ansvar for å avklare tilhøvet til eventuelle andre med private rettar som vert berørt av tiltaket.

Denne avgjerda kan påklagast Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunkt underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE.

Med helsing


Bjørn Wold
avdelingsdirektør


Rune Flatby
seksjonssjef

Vedlegg: Løyve til vassuttak og regulering i Rylandsvassdraget
KTV-notat 61/01 "Bakgrunn for vedtak"



Kopi
m/vedlegg:

Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen
Fiskeridirektoratet, Region Hordaland, Postboks 233, 5804 Bergen
Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo
Vasslaget av 1974 for Rylandsvassdraget v/Lars Skintveit, 5917 Rosslund
Midtre Holsenøy grunneigarlag v/Bjarte J. Skintveit, 5917 Rosslund
NVE-RV



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

ARBEID

Løyve

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

I medhold av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000

vert det gitt løyve til

regulering og uttak av vatn frå Rylandsvassdraget

Meddelt: Rylandsvåg Drift AS

Dato: 07.09.2001

Varighet: Ubegrensa

Ref: NVE 200100943-7

Kommune: Meland

Fylke: Hordaland

Vassdrag: Rylandsvassdraget

Vassdragnr.: 059.2Z



I medhold av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gjeve av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000, gjev Norges vassdrags- og energidirektorat med grunnlag i søknad dagsett 23.05.2000 og til vedlagde notat "Bakgrunn for vedtak"

Rylandsvåg Drift AS

konsesjon til regulering av Storavatn/Bjørndalsvatn og uttak av vatn som omsøkt frå Rylandsvatn, Rylandsvassdraget i Meland kommune i Hordaland, på følgjande vilkår:

1. Reguleringsmagasin og uttak av vatn

Utbygginga vil utnytte følgjande regulering:

Magasin	HRV kote	LRV kote	Reg. høyde m
Storavatn/Bjørndalsvatn	11.44	10.13	1.31

11.74 9.83

Kotehøgden er referert til Statens kartverk sitt høgdesystem (kart: Sæbø, blad 1116 II og Herdla blad 116 III, Topografisk hovudkartserie - M711). Reguleringsgrensene skal merkast med faste og tydelege vasstandsmerke. Det skal førast protokoll over vassuttaket, og protokollen skal leggjast fram for NVE om det vert krævt.

Kotehøgde for fast overløpsterkel ved utløpet av Rylandsvatnet, óg eventuell oppreinsking i område utløp Rylandsvatn – overløpsterkel, vert fastsett på bakgrunn av ei hydraulisk modellering av Rylandsvassdraget.

Konsesjonen gjeld for regulering og uttak av den mengde vatn det er søkt om til produksjon av settefisk og kan ikkje gjerast gjeldande for andre vassdragstiltak eller andre formar for utnytting.

2. Byggefristar osv.

Om ikkje arbeidet med bygging av nye demningar og legging av ny leidning til vassinntak er starta opp innan ein frist på 3 år frå dato for løyvet fell konsesjonen bort. Det same gjeld om arbeidet deretter vert innstilt meir enn 2 år. Fristen kan forlengjast ein gong av vassdragsmynde med inntil 3 nye år, jf. § 27 i vassressurslova.

3. Godkjenning av detaljplanar, landskapsmessige forhold, tilsyn osv.

Godkjenning av detaljplanar, tilsyn med utføring, seinare vedlikehald og drift av anlegg og tiltak som er omfatta av denne posten er tillagt NVE. Utgifter med dette skal konsesjonæren dekkje.

Konsesjonæren pliktar å leggje fram for NVE detaljerte planar med turvande opplysningar, utrekningar og kostnadsoverslag for anlegget. Arbeidet kan ikkje setjast i gang før planane er godkjent. Anlegget skal utførast solid, minst mogleg skjemmaende og skal til ei kvar tid haldast i full driftsmessig stand.

Konsesjonæren pliktar å planleggje, utføre og vedlikehalde hovud- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektoniske resultatet vert best mogleg.

Kommunen skal ha høve til å uttale seg om planane for anleggsvegar, massetak og plassering av overskotsmassar.

Konsesjonæren pliktar å utføre ei forsvarleg opprydding av anleggsområdet. Oppryddinga må vere ferdig seinast 2 år etter at vedkommande anlegg eller del av anlegget er sett i drift.

NVE kan gi pålegg om gjennomføring av pliktar i medhald av denne post.

4. Konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift osv.

Konsesjonæren pliktar å sjå til at han sjølv, hans kontraktørar og andre som har med anleggsarbeidet og drifta av anlegget å gjere, unngår øydelegging av naturførekomstar, landskapsområde, fornminne osv., når dette er ynskjeleg av vitskapelege eller historiske grunnar eller på grunn av området sin vakre natur eller eigenart. Dersom slike øydeleggingar ikkje er til å unngå, skal rette fagmynde verte underretta i god tid på førehand.

5. Naturforholda

Konsesjonæren pliktar etter nærmare avgjerd frå fylkesmannen å gjennomføre fiskeribiologiske granskingar og eventuelle kompensierende tiltak for skadar på naturleg rekruttering på fiskestammene.

6. Automatisk freda kulturminner

Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan vere eigna til å skade, øydeleggje, flytte, forandre, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminner som hittil ikkje har vore kjent, skal melding om dette sendast kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen med det same og arbeidet skal stansast i den utstrekning tiltaket kan berøre kulturminnet, jf. lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 8 andre ledd, jf. §§ 3 og 4.

7. Tersklar osv.

I dei delar av vassdraget kor inngrepa fører til vesentlege endringar i vassføring eller vasstand, kan NVE pålegge konsesjonæren å byggje tersklar, utføre biotopjusterende tiltak, elvekorreksjonar, opprensingar osv. for å redusere skadeverknader.

Arbeida skal starte opp straks detaljane er fastlagde og må gjennomførast så snart som mogleg.

Eit eventuelt terskelpålegg vil byggje på ei samla plan som ivaretek både private og ålmenta sine interesser i vassdraget. Utarbeiding av pålegget og tilsyn med utføring og seinare vedlikehald er tillagt NVE. Utgifter med tilsynet skal dekkjast av konsesjonæren.

8. Kontroll med vilkåra

Konsesjonæren tek ansvar for det som til ei kvar til måtte verte fastlagt av NVE for oppfølging og kontroll med at oppstilte vilkår vert fylgde.

Utgifter med kontrollen erstattast av konsesjonæren etter nærmare reglar som vert fastsett av NVE.

Ved brot på dei fastsette vilkåra, bestemmelsar i lova eller i medhald av lova sine fastsette vilkår, kan NVE fastsetje ei tvangsmulkt på inntil kr. 100 000 pr. dag eller inntil kr. 500 000 for kvart brot. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. NVE kan justere beløpet kvart 5. år



Bjørn Wold
avdelingsdirektør



Rune Flatby
seksjonssjef



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Rylandsvåg Drift AS		
Fylke/kommune:	Hordaland/Meland		
Ansvarlig:	Rune Flatby	Sign.:	<i>f a</i>
Saksbehandler:	Siss-May Edvardsen	Sign.:	
Dato:	07 09. 2001	KTV:	61/01
Vår ref.:	NVE 200100943-6 /sme		
Sendes til:	Søkjar, OED, høyringsinstansar som har gjeve uttale		

Middelthuns gate 29

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Rylandsvåg Drift AS – søknad om konsesjon for regulering og uttak av vatn frå Rylandsvassdraget, Meland kommune i Hordaland

Innhald

Søknad	2
Innkomne merknader	6
Søkjar sine kommentarar til innkomne merknader	14
NVE si vurdering og konklusjon	15
Kommentarar til vilkåra	18

Søknad

NVE har mottatte følgjande søknad frå A/S Garmann & co Rådgivende ingeniører, på vegne av Rylandsvåg Drift AS 23.05.2000:

"Vi viser til brev fra NVE datert 10. april 2000 til Rylandsvåg Drift AS. På vegne av denne bedriften har vi utarbeidet vedlagte søknad om konsesjon for regulering.

Orientering om saken

Rylandsvåg Drift AS er en settefisk produsent med løyve til produksjon av 1 mill. smolt pr. år, og med søknad om utvidelse til 2,5 mill. smolt pr. år, jfr. Søknad til Fiskeridirektøren datert 22. april 1999. Utløpet av Rylandsvassdraget har fra gammelt av vært benyttet til mølledrift. Rylandsvåg Møllebruk har i alle år hatt rett til å demme opp/foreta regulering av Rylandsvassdraget. I 1962 overtok Rylandsvåg Fiskeri AS disse rettighetene, som senere er overført til selskapet Rylandsvåg Drift AS, som er konsesjonssøker. Konsesjonssøker driver i dag sin virksomhet ved det gamle mølleanlegget, slik at vannressursene også i dag blir utnyttet som de tidligere har blitt i uninnelige tider. Rylandsvassdraget består primært av Rylandsvatnet, Bjørndalsvatnet, Storavatnet og Hesinesvatnet/Gaustadvatnet. Vassdraget ovenfor Rylandsvatnet består nærmest av en sammenhengende vannflate, med Rylandsvatnet på ca. kote 10, de øvrige nevnte vassdrag med vannflate på ca. kote 11,5. Regulering av vassdraget skal i dag i praksis kun ved utløpet av Bjørndalsvatnet, som kontrollerer hele det bakenforliggende vassmagasin dominert av Storavatnet. Rylandsvatnet er i dag ikke regulert, vannstanden varierer kun som følge av flom- og nedbørsforholdene i området, samt ved ettertapping fra Storavatnet for å opprettholde forbrukssituasjonen i oppdrettsanlegget. Denne tappingen bidrar imidlertid kun til å opprettholde en stabil normalvannstand i Rylandsvatnet, og bidrar ikke til flomsituasjoner i vassdraget.

Om området

Berørte vassdrag

Det aktuelle området ligger nord på Holsnøy i Meland kommune, Hordaland fylke. Reguleringen gjelder kun deler av Rylandsvassdraget, fra utløpet av Bjørndalsvatnet/Storavatnet.

Kart

Området er vist på kart i målestokk 1:50 000 som viser vassdraget og hele nedslagsfeltet, samt kart i 1:5000, som viser de mest sentrale deler av vassdraget.

Nedbørfeltets størrelse

Nedslagsfeltet er målt til 24 km², mens vassflaten i Storavatnet/Bjørndalsvatnet er beregnet til 3,5 km².

Om anlegget og inngrepene

Anleggets navn og eiere

Eier av eksisterende vassrettigheter og konsesjonssøker med hensyn til regulering/uttak av vann i vassdraget er: Rylandsvåg Drift AS, 5917 Rosslund.

Uttakssted for vann, utslippsted

Rylandsvåg Drift AS tar ut vann til smoltproduksjonen på strekningen mellom Møllehaugen og Kvernerhaugen i Rylandsvassdragets aller nederste del. Vannet ledes gjennom smoltanlegget, en strekning på ca. 150 m før det slippes ut i Møllevika, Rosslandspollen. Før utslipp skal vannet gå gjennom mekanisk rensing i filtre eller i sedimenteringsanlegg. Utskilt slam/faststoff fra brukt vann vil bli pumpet ut på dypt vann i Herdlefjorden.

Tekniske anlegg

Av tekniske anlegg som gjelder regulering/uttak av vann i vassdraget, har en kun en enkelt reguleringsanordning mellom Bjørndalsvatnet og Rylandsvatnet ("Nedre Sjelven"), samt uttaksrangementet for smoltanlegget. Fra gammelt av står det igjen en betongkonstruksjon ved vassdragets utløp, men her er i dag ingen reguleringsanordning. For øvrig vises til plantegning 1:1000 over smoltanlegget og vassdragets utløp i Rosslandspollen.

Reguleringsstiltak

Rylandsvatnet har en vannstand på ca. kote 10, og søkes ikke regulert. Bjørndalsvatnet, Storavatnet har en vassflate på kote ca. 11.5, og søkes regulert mellom kote 11.44 og kote 10.13, en normal regulering på 1.31 m. Reguleringen foretas gjennom heving og senking av luke i reguleringsdam ved utløpet av Bjørndalsvatnet. Reguleringen forutsettes gjennomført på samme måte som for tidligere utnyttelse av vassressursene i vassdraget. Vassdragets vannproduksjon er så stor at det bare i perioder vil bli nødvendig å utnytte reguleringsmulighetene. I alle årets måneder ligger oppdrettsanleggets behov lavere enn midlere månedsvassføring for vassdraget. Kun i et par av årets måneder ligger oppdrettsanleggets behov høyere enn den laveste beregnede månedlige middelvassføring (krf. Pkt.). Som tappebestemmelser foreslås at konsesjonssøker gis rett til å ta ut det vannforbruk som er oppgitt i tabellen under punkt .

Vannføring og vannuttak

Under dette punkt syner ein til supplement til søknad i brev frå AS Garmann & co, rådgivende ingeniører, datert 25.09.2000. Framstilt tabell i opprinneleg søknad er såleis ikkje teke med.

Vannføringsstatistikk

[...] Med utgangspunkt i den spesifikke avrenning herfra [hydrometrisk målestasjon 65.1 Hundvinsvatnet], overført til Rylandsvassdraget, har vi justert våre beregninger i den opprinnelige søknaden. [...]. Vi har gjennomført reguleringsberegninger på Hundvinsvatnets data. Her har vi benyttet den samme spesifikke avrenning som det fremgår av de mottatte data.

<i>Totalt oppgitt årsforbruk ved oppdrettsanlegget:</i>	<i>8.672.700 m³</i>
<i>tilsvarende gjennomsnittlig</i>	<i>24.000 m³/døgn,</i>
<i>eller</i>	<i>16,7 m³/min,</i>
<i>tilsvarende</i>	<i>278,0 l/s.</i>

a) Midlere årstilsig

<i>24 km² x 54,2 l/s/km² =</i>	<i>1.300,0 l/s</i>
<i>tilsvarende</i>	<i>78,0 m³/min.</i>

Reguleringsberegninger

Gjennomsnittlig årsavrenning basert på et gjennomsnitt på 1300 l/s bli ca	41 mill. m ³
Magasinvolument , basert på vassflate 3,5 km ² og omsøkt reguleringshøyde 1,31 m =	4.885.000 km ³ .
Dette gir en magasinprosent på:	ca. 12 %
Med denne reguleringen vil vassdraget ha en regulert vassføring på	ca 47 %
av gjennomsnittlig årsavrenning, basert på ugunstigste (og bestemmende reguleringskurve), som krysser i dette punktet (se vedlegg).	
Den regulerte vannføringen fra vassdraget, med den foreslåtte regulering blir således	611 l/s
tilsvarende	19,25 mill. m ³ /år.
[...].	

Vannuttak i hver av årets måneder

For vannuttak til oppdrettsanlegget sammeulignet med tilsig fra vassdraget i et normalår, får en følgende tabell:

Måned	Tilsig i et normalår m ³ (basert på statistikk fra søknad)	Forbruk i et normalår m ³
Januar	3 840 000	459 800
Februar	3 096 000	443 500
Mars	3 432 000	544 600
April	2 472 000	583 200
Mai	2 184 000	709 800
Juni	2 640 000	324 000
Juli	3 072 000	736 600
August	3 984 000	1 526 700
September	6 096 000	1 589 800
Oktober	5 688 000	937 400
November	5 520 000	375 800
Desember	4 776 000	442 000

Som det fremgår, vil det i et normalår ikke opptre behov for nedtapping av magasinet, selv i de mest kritiske perioder hvor vannforbruket er største og tilrenningen minst. Formålet med enhver magasinering er imidlertid at en også har tilgjengelig, tilstrekkelige vannmengder i ekstreme tørrår. Det historiske verste året de siste 24 årene er 1976. I dette året ville en maksimalt hatt behov for en magasindekning på 1,8 mill. m³, tilsvarende i underkant av 50 % av tilgjengelig magasin.

Minstevassføring

Vassdraget vil ha en minstevassføring tilsvarende oppdrettsanleggets laveste forbruk, 7,5 m³/min, frem til uttaksstedet for vann til oppdrettsanlegget. På strekningen herfra til sjøen, en strekning på ca. 120 m, kan minstevassføringen i ekstreme tørkeperioder være lik 0. Konesjonssøker uener dette har liten betydning, fordi vassdraget ikke har oppgang av amadrom fisk, og at det på denne strekningen heller ikke finnes ferskvannsfisk.

Om skader og ulemper

Forholdet til rettighetshavere

Rettighetene til å regulere Storavatnet tilligger Rylandsvåg Drift AS etter et avtaleforhold hvor disse rettighetene er kjøpt fra de omkringliggende grunneierne. Avtalen gir Rylandsvåg Drift AS rett til å regulere Bjørndalsvatnet/Storavatnet mellom kote 11.44 og kote 10.13, en reguleringshøyde på 1.31 m. Utover dette tillates flomoppstuing over utløpsarrangementet i Bjørndalsvatn på inntil 0.5 m. Denne oppstuingen gjelder kun i nødsituasjoner hvor vassdraget går i flom, og skal bringes ned til øvre reguleringsgrense (11.44) så snart som mulig. Saken har tidligere vært behandlet i Gulating Lagmannsrett (1974) som fastsatte avtaleforholdet til ovennevnte. Inkludert i avtaleforholdet med grunneierne er retten til å bruke vannressursene, og disposisjonsrett over fallrettighetene ved utløpet fra Rylandsvatnet. Så vidt en forstår skaper det inngåtte avtaleforhold ingen konflikter i forholdt til andre rettighetshavere rundt vassdraget. Den eneste del av vassdraget hvor en har jordbruksutnyttelse av betydning, eller andre interessenter til strandlinjen, er Rylandsvatnet. Som tidligere nevnt skal Rylandsvatnet ikke reguleres, men beholde den vannstanden en har i dag. Praktiske tiltak i utløpet av Rylandsvatnet vil kunne påvirke flomnivået i Rylandsvatnet positivt, fordi en her som følge av begroing og utrasing av fjellmasse får nødvendig tilbakesnuing i flomperioder.

Virkinger på naturverdier, landskap, fisk og verneinteresser

Rylandsvassdraget har vært regulert i "uminnelige" tider, til dels med betydelig høyere reguleringsgrad enn den omsøkte. Tidligere var også Rylandsvatnet regulert i forbindelse med mølledriften, men dette er ikke tilfelle nå lenger. Den omsøkte reguleringen av Bjørndalsvatnet/Storavatnet er allerede i bruk og har vært det i forbindelse med tidligere mølledrift, tidligere smoltproduksjon og dagens smoltproduksjon. Konesesjonssøknaden omfatter derfor kun en stadfestelse av rettighetene etter Vassdragslovens § 125, og i henhold til §§ 104-106. Disse rettighetene er det inngått avtale om med grunneierne tidligere, og de er fastslått i dom av Gulating Lagmannsrett, 1974. Den omsøkt konsesjonen vil derfor ikke på noen måte berøre naturverdier, landskap, fisk- og verneinteresser på annen måte enn det som har vært tilfelle i årtier tidligere, og som har vært allment akseptert. Så vidt en kjenner til har konfliktpunktene mot ovennevnte intersser vært små, eller ikke eksisterende. Rettighetshaverne til vassdragsrettighetene har få eller ingen konfliktpunkter mot øvrige interessenter. Den eneste konsekvens økt bruk av vannressursene vil medføre, er at flomtoppene i vassdraget vil minke noe som følge av høyere gjennomsnittlig uttak, og at nedtappingen i ekstreme situasjoner kan øke 20-30 cm utover det som er vanlig i vassdraget i dag. Vi finner grunn til å understreke at Miljøvernaveidlinga i Hordaland går inn for regulering mellom kote 11,44 og 10,44. Rettighetshaverne i vassdraget ber kun om at laveste reguleringsgrense senkes til 10,13, slik at konsesjonen blir i samsvar med de inngåtte avtaler. Vi kan ikke se at tillatelse til en slik regulering kan få noen konsekvenser for bruken av vassdraget.

Bruker interesser (kfr. Pkt. 12)

Vannforsyningsinteresser

Meland kommune vil gjøre bruk av en liten del av nedslagsfeltet til vannforsyning i de østre deler av vassdraget. Denne bruk får ingen betydning for de totale vannressurser i vassdraget.

Kulturminner

Jord- og skogmark

Flom- og erosjonsfare

Da den omsøkte konsesjon ikke endrer dagens forhold, vises generelt til pkt. 12.

Avbøtende tiltak

En ser ikke grunnlag for å iverksette avbøtende tiltak, da konsesjonssøknaden ikke endrer dagens situasjon, som har vist seg ikke å være til ulempe.

Eventuell eksisterende regulering

Som det fremkommer mange steder i dette dokumentet, har en beskrevet de eksisterende reguleringsrettigheter som konsesjonshaver er i bestiltelse av. Konsesjonssøknaden går i realiteten ut på å få stadfestet disse rettigheter etter Vassdragsloven, og det oppstår dermed ingen konflikter i forhold til eksisterende regulering."

Innkomne merknader

NVE kunngjorde søknaden. la den ut til offentlig høring og sendte den til distriktet for handsaming i brev av 20.10.2000. 15.05.2001 vart det i etterkant av høringsrunden halde møte og synfaring mellom tiltakshavar, grunneigarar, Meland kommune og NVE. Det vart sett frist til 08.06.01 for å kome med eventuelle tilleggsmerknader.

NVE har motteke følgjande merknader i saka:

Midtre Holsnøy grunneigarlag (brev dagsett 19.11.2000):

"Midtre Holsnøy Grunneigarlag vart skipa i 1993 av 25 grunneigarar. I dag har laget om lag 50 medlemmar. Laget har til føremål å samla grunneigarane i området for saman å ivareta deira interesser. I samarbeid skal ein og forvalta og nytta dei verdiane som ligg i området m.o.t. småviltjakt, fiske og friluftsliv etter retningsliner gjeve av årsmøtet. Laget sel fiskekort i Rylandsvatnet.

Me har lese søknad frå Rylandsvåg Drift AS om løyve til regulering og uttak av vatn til settefiskproduksjon på Rosslund AS og Garmann sine data for Rylandsvassdraget av 25.09.00, og set spørsmål ved ein del av innhaldet i deira utgreiing.

Kommentar til side 1 avsnitt 5. "Rylandsvassdraget har en utstrekning på om lag 24 km²". Garmann må her omtala nedslagsfeltet for Rylandsvassdraget. I avsnitt 6 står det at "Storavatnet utgjør om lag 14 % av vassdragets areal". Med mindre det her er meint 14 % av vassdraget sitt nedslagsfelt, må dette vera feil. Bjørndalsvatnet er om lag 0.2 km², Rylandsvatnet om lag 0.6 km² og heile vassdraget er av Garmann beregna til 3.5 km².

I punkt 0 står det at vassressursene i dag vert utnytt som den tidlegare har blitt i uminnelige tider. Me vil påpeika at det sidan 1962 har skjedd ein betydeleg endring av utløpa frå Rylandsvatnet. I møletida var her eit ekstra laup som starta ovanfor noverande inntak og som munna ut sørvest for mølla. Det vart blant anna nytta ved fløting av tommer. Her kan

anadrom fisk ha gått opp. Dette utløpet er i dag stengt. I hovudlaupet er det, i forbindelse med dei gamle fiskekummane, bygd ein demning. Ein kan gå ut frå at hovudelva opprinnelig har hatt ein jevn stigning som var 10 m på ca. 150 m. Me trur at det i dag kunne vore mogeleg for anadrom fisk å gå opp i vassdraget dersom demninga ikkje hadde sperra for dette.

Det kjem fram i punkt 6 at Rylandsvatnet ikkje er regulert. Me er kjend med at det til tider er flaum-problem i Rylandsvatn. Vasstanden kan auka og minka mykje på kort tid. Problema består i at bønder ikkje får drenert jordbruksareala sine avdi vasstanden til tider er høgare enn utlaup frå grøfter. I punkt 6 står det om ein betongkonstruksjon frå gammalt av ved vassdragets utløp som ikkje har reguleringsanordning. Dette må vera den som står ved elveutløpet 2 m frå sjøen. Bileta som ligg ved dokumentet (4) er tekne ved uttaksstaden for vatn til oppdrettsanlegget 120 m frå sjøen. På det siste bilete er det tydeleg ein demning, og me synst det er rart om denne ikkje har reguleringsanordning. Me har høyrte at det i tilknytning til denne demninga også er bygd ei ålefelle, og at elva vert leda inn i denne når ålen skal fungast på si vandring frå vassdraget og ut i sjøen om hausten.

Når det gjeld reguleringa i Nedre-Skjevlo, punkt 6, så slepp denne vatnet gjennom under vasslina. Det renn såleis ikkje vatn over demninga slik som i ein naturleg foss. Me er redd for at denne reguleringsmetoden **hindrar fisken i full frihet til vandring i vassdraget.**

I sine reguleringsberegninger, punkt 8e, har Garmann basert utregning av magasinvolument på 3.5 km² vassflate og ganga dette med 1.31. I dette regnestykket har dei, for det første, fått eit svar som er for høgt. For det andre står det ikkje noko om kor høg vasstand dei har brukt ved beregninga. Vidare har dei gått ut frå at vassflata er den same sjølv om vasstanden varierer 1.31 m. Ettersom Storavatnet består av mange pollar og viker med langgrunner, meiner me at vassarealet må endra seg betydelig når vasstanden endrar seg. Dette kan endra ein del av talla i beregninga, og ikkje minst leveringskapasitet i tørkeperiodar.

Det kjem fram i punkt 10 at elva dei siste 120 m kan ha ei vassføring lik 0 i ekstreme tørkeperiodar. Vidare står det at dette har liten betydning då vassdraget ikkje har oppgang av anadrom fisk, og at det her ikkje finns ferskvassfisk. Me veit at her går opp og ned ål. Vidare veit me at det kvar haust står laks og sjørret ved utlaupet, og at det har vorte fanga anadrom fisk oppover elva mot deminga. Nokon av dei eldste i bygda, som me har hatt kontakt med, fortel og at dei før i tida har fanga fisk som har gått opp frå sjøen, i vassdraget. **Me ser det som heilt naturleg at anadrom fisk før i tida har hatt moglegheit til å kunna vandra inn i og ut av vassdraget.**

I punkt 11 kjem det fram at Rylandsvåg Drift AS har kjøpt rettane til å regulera Bjørndalsvatnet/Storavatnet frå omkringliggende grunneigare. Det vert vist til eit avtaleforhold som vart fastsett i Gulating Lagmannsrett i 1974. Så vidt grunneigarlaget kjenner til er dette **ein leigeavtale mellom Rylandsvåg Drift AS og dei av grunneigarane kring Rylandsvassdraget, som er medlemmer i vasslaget av 1974 for Rylandsvassdraget.** For dei øvrige grunneigarane kring vassdraget ligg føre ein leigeavtale frå 29. nov. 1860 på rettane til å regulera Storevatnet og Bjørndalsvatnet ved Nedre Skjevlo. Rettane kan ikkje vera kjøpt når det vert betalt eit åreleg beløp i leige.

I punkt 11 avsnitt 6 står det: "Den eneste del av vassdraget hvor en har jordbruksutnyttelse av betydning, eller andre interesser i strandlinjen, er Rylandsvatnet". Dette er feil. Grunneigarlaget har medlemmer som har eigedomar kring heile vassdraget, og **kring**

Storavatn og Bjørndalsvatne ligg det landbruksareal, hyttetomter, sagbruk og naust i strandsona.

Advokatfirmaet Wesenberg, Kohnæs & Sætre ANS (brev dagsett 30.11.2000):

"Jeg representerer Vasslaget av 1974 for Rylandsvassdraget. Vasslaget består av i alt 47 grunneiere til og langs Rylandsvassdraget hvorav de fleste er eiere av landbrukseiendommer. I anledning søknaden om konsesjon for regulering og uttak, vil jeg på vegne av Vasslaget av 1974 avgi følgende merknader til søknaden:

Privatrettslig grunnlag for søknaden

I søknaden side 6 er anført følgende: "Rettighetene til å regulere Storavatnet tilligger Rylandsvåg Drift AS etter et avtaleforhold hvor disse rettighetene er kjøpt fra de omkringliggende grunneiere." (Min utheving). Videre heter det om samme forhold i søknaden pkt. 11, 4. avsnitt: "Saken har tidligere vært behandlet i Gulating lagmannsrett (1974) som fastsatte avtaleforholdet til ovennevnte. Inkludert i avtaleforholdet med grunneierne er retten til å bruke vannressursene, og disposisjonsrett over fallrettighetene ved utløpet fra Rylandsvatnet."

Beskrivelsen gir et uriktig bilde av grunnlaget for og omfanget av søkers rettigheter. Til belysning av den historiske utviklingen av søkers rettigheter vedlegges kopi av Nordhordaland herredsretts dom i sak A 62/1972 av 30.04.1973 (bilag 1).

Dommen ble påanket til Gulating lagmannsrett av grunneierne. Før hovedforhandling i ankesaken ble i mai 1974 inngått utenrettslig forlik og ankesaken ble deretter hevet. I den anledning vedlegges kopi av ankeerklæring til Gulating lagmannsrett fra Høyesterettsadvokat Stig B. Harris, datert 02.07.1973 (bilag 2), kopi av utenrettslig forlik/avtale (bilag 3) samt kopi av brev fra Høyesterettsadvokat Harris til grunneierne av 28.05.1974 (bilag 4). Av foranstående vil det fremgå at

- *avtalen fra 1974 danner et selvstendig rettsgrunnlag for fremtidig utnyttelse av reguleringsretten til Rylandsvassdraget*
- *det medfører ikke riktighet når det hevdes at rettighetene er "kjøpt" av søkers rettsforgjenger.*
- *fallrettighetene som sådan, i den utstrekning det med dette menes retten til å bygge vannkraftverk, er ikke avstått ved avtalen.*

Ad omfanget av søknaden

Innledningsvis påpekes en regnefeil i søknaden side 5 hvor magasinkapasiteten er oppgitt til 4,885 mill m³. Basert på søkers egne data skal riktig magasinvolym være 4,585 mill m³.

Videre fremgår av søknaden side 1 at normalvannstanden i Bjørndalsvatn og Storavatnet er ca. kote 11,5. Grunneierne stiller seg noe uforstående til denne påstanden da høyeste lovlige reguleringshøyde er kote 11,44 (med unntak for ekstraordinære flomsituasjoner), jfr. Avtalen pkt. 1 A.

Videre stiller grunneierne spørsmål ved opplysningen i søknaden side 1 hvor det heter følgende: "Regulering av vassdraget skjer i dag i praksis kun ved utløpet fra Bjørndalsvatn, som kontrollerer hele det bakenforliggende vassmagasin dominert av Storavatnet. Rylandsvatnet er i dag ikke regulert, vannstanden varierer kun som følge av flom- og nedbørsforholdene i området, samt ved ettertapping fra Storavatnet for å opprettholde

forbrukssituasjonen i oppdrettsanlegget. Denne tappingen bidrar imidlertid kun til å opprettholde stabil normalvannstand i Rylandsvatnet, og bidrar ikke til flomsituasjoner i vassdraget." Denne opplysningen gjentas i fylkesmannens brev av 08.03.2000 til NVE der det heter: "Søklar opplyser at luka i dammen normalt er sett slik at vassnivået i innsjøane ovanfor ligg rundt kote 11."

Grunneierne for sin del konstaterer at det er etablert demning med luke ved utløpet av Rylandsvatnet. Det gir i det minste en faktisk mulighet for regulering også av dette vatnet. Søkers egen beskrivelse er pr. definisjon også uttrykk for at det skjer regulering. Videre fremholdes at opplysningene og søkers egen vurdering er lite forenlig med herredsrettens oppsummering av faktum i 1973. Det vises herom til dommen side 7, hvor det heter følgende: "I den nederste del av vassdraget, like før elven renner ut i sjøen, ble det bygget en ny demning. Den ble plassert noe lenger nede enn den gamle. Demningen "Nedreskjelve" ble satt i stand igjen. At reguleringen ble gjenopptatt har resultert i at alle tre vannene i vassdraget har fått høyere vannstand enn de hadde før saksøkte startet sin bedrift" (Min utheving). Når grunneierne tar opp denne problemstillingen, har det sin bakgrunn i at de gjennom de senere år ved flere anledninger høst- og vinterstid har opplevd at vannstanden både i Rylandsvatnet, Bjørndalsvatnet og Storaatnet har resultert i neddemning av innmark med skade på grøfter og tilstopping av ledninger som resultat. Dette er for så vidt i strid med avtalens pkt. 2. Flomsituasjonen antas primært foranlediget av demningen i den nederste del av vassdraget og muligens av manglende opprenskning i kanalen før utløpet.

Videre vises til at Rylandsvåg Drift AS i tillegg har søkt om rett til å legge en 1,5 km lang vassinntaksledning ($\varnothing = 80$ eventuelt 100 cm) i Rylandsvatnet. Slik rett har smoltanlegget ikke etter gjeldende avtale fra 1974. I konsesjonssammenheng etter vassdragsloven er det behov for å få klarlagt hvilke konsekvenser en slik inntaksledning vil ha for laveste regulerte vannstand i Rylandsvatnet.

Avbøtende tiltak/vilkår

Vasslaget av 1974 har ikke innsigelser til at søker innvilges konsesjon. Det er etter grunneiernes oppfatning positivt av bruken og reguleringen av vassdraget kommer under offentlig kontroll. I tillegg til forslaget til vilkår som er oppstilt i brev av 08.03.2000 fra fylkesmannen i Hordaland, ser grunneierne behov for:

- 1) Det må fastsettes manøvreringsreglement som omfatter så vel Storavatnet, Bjørndalsvatn og Rylandsvatn, jfr vl § 127 nr 1
- 2) Det må fastsettes øvre og nedre reguleringshøyde også i Rylandsvatnet
- 3) Det etableres fastmerker for høyeste og laveste reguleringshøyde i samtlige tre vann
- 4) Demning og tappeluken ved utløpet av Rylandsvatnet må anordnes slik at det gis en effektiv mulighet for å sikre at øvre reguleringshøyde i dette vatnet kan overholdes
- 5) Søker/tiltakshaver bør pålegges å renske opp kanalen frem til utløpet av Rylandsvatnet, eventuelt pålegges å foreta senking av denne for å unngå fare for oppstuvning i flomperioder.

Videre forutsetter grunneierne at konsekvensene av søknaden om å etablere vassinntaksledning blir utredet. Med de opplysninger søker selv har gitt om eget vannbehov og vannstanden i nedre del av vassdraget, fremstår et slikt tiltak som unødvendig. Dimensjoneringen av uttaksledningen er imidlertid av slikt omfang at også denne siden av saken må vurderes.

Lovsituasjonen

Søknaden er fremmet i medhold av vassdragsloven av 15. mars 1940 nr. 3. I mellomtiden har Stortinget 24.11.2000 vedtatt ny vassdragslov med ikrafttredelse fra 01.01.2001. Jeg har foreløpig ikke registrert at det er gitt bestemmelser i forskrift til overgangsbestemmelsene. Jeg ber imidlertid opplyst om søknaden vil bli behandlet under herredømme av ny eller gammel lov."

Meland kommune (brev dagsett 07.12.2000)

"Saksutgreiinga til kommunestyret vert lagt ved som kommunen sin høyringsuttale, men kommunen vil i tillegg presisera følgjande når det gjeld utnytting av delar av vassdraget til drikkevatt: Kommunen har i dag sitt hovudvassinntak i Kvernavatnet (nord i nedslagsfeltet), i frå dette vatnet vert det tappa totalt 500 000 m³ pr. år. Det finst og eit mindre privat vassinntak i Rylandsvatnet, dette anlegget forsyner 300 personar i året, stipulert forbruk vert ca. 30 – 50 000 m³ pr. år. Melund kommune er ein av dei kommunane i Hordaland med størst folkeauke, ca. 100 personar i året. Desse buset seg i all hovudsak i dei søre delane av kommunen og får sitt drikkevatt i frå Kvernavatnet. Kvernavatnet er i dag maks. utnytta – framtidig vassinntak kjent til å kome i frå Storavatnet, og det er venta ein vesentleg auke i vassforbruket i nær framtid.

Når det gjeld kommuneplanstatusen for området, vert det presisert at plan- og bygningslova si § 17-2 om bygge- og deleforbodet i 100 m beltet langs med sjø, gjeld for alt landareal som grensar til vassdraget, bortsett frå dei områda ved Vikebø som er regulert i detaljplan (sjå kommuneplanen sin arealdel).

Saksutgreiing

Rylandsvåg Drift AS søker kommunen om utviding av anlegg for klekking av rogn og produksjon av settefisk av laks og aure, jf. søknad dagsett 22.04.99. Det vert søkt om å utvide dagens produksjon av smolt frå 1 million settefisk til 2,5 millionar sjødyktig settefisk. Dette vil krevje ei ombygging og utviding av anlegget, kombinert med ei meir rasjonell utnytting av tilgjengeleg ferskvassmengder.

Til denne søknaden har det komme inn innspel frå to grunneigarar. Desse grunneigarane opplyser om følgjande:

- Lars Skintveit: Det vert vist til annonse i Nordhordaland avis og til at vedkomande m/fleire har vore i kontakt med Rylandsvåg Drift AS om saka. I brevet vert det opplyst at grunneigarane ikkje kan godta noko form for avgjerd i denne saka før alle konsekvensar vedk omsøkt rørledning vert belyst. Det vert og vist til allereie inngåtte avtaler om vassregulering i Rylandsvatnet frå 1974 og ein kan ikkje sjå at desse avtalene har vore overheldt dei seinaste 3 åra (sjå vedlegg). Brevet vert avslutta med ei oppmoding om at det vert inngått ei avtale med alle berørte grunneigarar før vidare handsaming av saka.
- I brevet frå Kjell O. Hatlebrekk vert det opplyst at han er påkobla ein vassledning som går på tvers av vatnet og at han har ein kloakkleidning som går ut frå hans tomt og 550 m ned under brua ved Vikebø. Ny ledning frå anlegget må leggjast slik at desse ledningane ikkje vert øydelagt og slik at det ikkje er noko til hinder for å ta dei opp att. Grunneigaren er og interessert i at det vert sett ei øvre og ei nedre grense for vasstanden i vatnet. I tillegg vert det opplyst om at ein slik ledning det er søkt om, vil verte det same som å laga eit nytt elveløp, alle konsekvensar må difor utgreiast og det må lagast avtaler med grunneigarane dersom saka skal godkjennast. Utgifter i samband med dette må dekkjast av Rylandsvåg Drift AS.

Det omsøkte vassdraget ligg i hovudsak innafor ei sone som i kommuneplanen si arealdel er lagt ut til LNF-område. I strandareale som soknar til Rylandsvassdraget gjeld plan- og bygningslova si § 17-2, om forbod mot bygging og fradeling i 100 m beltet langs sjø.

Vassdraget er eit av dei mest nytta friluftsområda i kommunen, og vassdraget med kringliggande område har store naturverdiar. Rylandsvatnet er registrert i naturdatabasen EDNA som verdifull våtmark.

- *Vassdraget, medrekna Rylandsvatnet, er mykje nytta til kanopadling, fiske, bading og utfart med små båtar. Brukarane av vassdraget kjem frå heile kommunen og frå kringliggande nabokommunar. Folkehøgskulen nyttar og vassdraget aktivt i si undervisning. Midtre Holsnøy Grunneigarlag ynskjer å utarbeide ein driftsplan for vassdraget. I ein slik plan vil ein mellom anna diskutere framtidig næringsutvikling i tilknytning til vassdraget.*
- *Kommunen har gjennomført prøvafiske i Storavatnet og Bjørndalsvatnet. Rapporten frå desse undersøkingane er ikkje ferdig utarbeidd, men ein ventar at ein fullstendig rapport vil vere ferdig i løpet av novenber/desember. Prøvafisken viste at det er røye, aure, ål og stingsild i vatna. I samband med desse undersøkingane vart det og observert hekking og enkelt observasjonar av ei rekke vadefuglar og rovfuglar i tilknytning til vassdraget. Dei observerte fuglane er som følgjer: kanadagås, sangsvane, hegre, ravn, hønschauk, lom, havørn, storfugl, dvergspett og kvitryggspett. Desse observasjonane var i hovudsak lokalisert til dei nordaustlege delane av nedslagsfeltet, kor ein har ein stor bestand med gamal furuskog og kor det er få tekniske inngrep. Vadefuglar vart observert i heile vassdraget.*
- *Det har komme inn informasjon til kommunen frå eldre innbyggjarar kring vassdraget. Dette opplyser at det i gamle dagar har vore oppgang av anadrom fisk (sjøaure) i vassdraget. Denne oppgangen har vorte stogga av tekniske inngrep i elveutløpet, då det vart etablert mølledrift i osen ved byrjinga av 1900-talet. I dag finst det ei rist i tilknytning til anlegget, som stoggar all oppgang av fisk frå sjø og all nedgang av fisk frå Rylandsvatnet. Registreringa av oppgangshindre ved utløpet av dette vassdraget var gjort i samband med eit kartleggingsprosjekt kommunen gjennomførte i alle anadrome vassdrag i kommunen. Prøvafisken og kartlegginga av anadrome vassdrag vart støtta av fylkesmannen si miljøvernavdeling.*

Vurdering

Det omsøkte tiltaket vil sikre drifta av anlegget og eksisterande arbeidsplassar i større grad enn i dag, då anlegget vert oppgradert og får større kapasitet. Tiltaket vil føre til at ein får stabile vassressursar og betre kvalitet på det vatnet som skal nyttast i anlegget.

Det er vanskeleg å skildre konsekvensane av det omsøkte tiltaket. Dei vestlege delane av Storavatnet, samt enkelte buktar i kring vassdraget er svært grunne. Ei senking av vassdraget med tot. 1,81 m vil tørleggje store delar av desse områda. Dette vil sannsynleg ikkje få særleg store konsekvensar for bestanden av røye i vassdraget som gyter i innsjøen, men det vil sannsynlegvis ha ei stor betydning for aureyngel. Dette gjeld spesielt i Rylandsvassdraget, kor det er få eigna lokalitetar for gyting, anna enn i utløpet av vatnet. Utløpet av Rylandsvatnet har grodd kraftig til med vegetasjon. Det har og vore fylt ut ein del steinmassar i samband med byggjearbeid langs med elveutløpet. Det er ynskjeleg at det vert føreteke ei oppreinsking i dette området (ned til anlegget).

Når det gjeld dei utrekningane som har vore føretatt med utrekning av totalt tilgjengeleg magasinivolum, vil kommunen presisera at: anlegget har høve til å regulera vasstanden med $1,31 \text{ m} \times 3,5 \text{ km}^2 = 4,585 \text{ mill m}^3$, dei resterande $0,5 \text{ m} \times 3,5 \text{ km}^2 = 1,75 \text{ mill m}^3$ skal berre nyttast i naudstilfelle. Dei generelle vassressursene som er tilgjengelege for anlegget ved vanleg drift vert difor redusert. Samla totalforbruk ved anlegget skal kome opp i $8,7 \text{ mill m}^3$. I søknaden kjem det fram at tilgjengeleg vassmagasin er $6,33 \text{ mill m}^3$, noko som tilsvarar 73 % av årsforbruket. Det ordinære vassmagasinet er på $4,585 \text{ mill m}^3$, noko som tilsvarar 52,7 % av årsforbruket.

I breva frå grunneigarane kring vatnet kjem det fram at det er ynskjeleg med ei klart fastsett øvre- og nedre grense for regulering av vasstanden i vassdraget. Dette har samanheng med den jordbruksdrifta som vert drive i området. Det har vore ein del konflikter i samanheng med flaun innover dyrka mark og utrasing av landbruksvegar. Grunneigarane har og gjeve informasjon om at det ikkje er ynskjeleg med straum rundt det nye vassinntaket. Dette har samband med tryggleik, då vassdraget er mykje nytta til friluftaktivitetar på vinteren som skøyting og skigåing. Ein permanent straum kring vassinntaket kan difor skapa farlege situasjonar som til dømes opne råkar.

I brevet frå grunneigarane vart det og opplyst at det finst ein del eksisterande leidningar i Rylandsvatnet, vassinntak og kloakkleidning. Ved framføring og legging av ny leidning til anlegget er det viktig at desse leidningane ikkje vert øydelagt.

I kommuneplanen sin langsiktige del heiter det at Rylandsvassdraget er ein stor ressurs for kommunen. Vassdraget er lite forureina, det er store mengder med innlandsfisk i heile vassdraget, omkringliggjande område har verdifulle skogareal og det finst eit rikt fugle- og dyreliv i området.

Når det gjeld oppgang av anadrom fisk til vassdraget, har kommunen fått informasjon om at det var det gamle mølleanlegget som stogga denne oppgangen ved århundreskiftet. Kommunen kan ikkje sjå at dei fysiske tilhøva i utløpet av Rylandsvatnet skulle tilseie at oppgang ikkje har funn stad, då det ikkje er observert naturlege oppgangshindre av nokon storleik. Dette utløpet vart kontrollert i samband med eit kartleggingsprosjekt kommunen har gjennomført i alle anadrome bekkar i kommunen. Desse undersøkingane viste at det var oppgang av sjøaure i alle bekkar med ei viss storleik kor det ikkje var tekniske inngrep i utløpet.

Kommunestyret kan tilrå utvida konsesjon i samsvar med søknad dagsett 22.04.99 på følgjande vilkår:

- 1) Den omsøkte leidningen skal sprengjast/gravast ned i elveutløpet slik at den ikkje vert synleg frå land
- 2) Det skal fastsetjast ei øvre og ei nedre grense for regulering av vasstanden i vassdraget gjennom eit samarbeid med NVE. Ei slik avtale skal ta omsyn til LNF-interessane i vassdraget
- 3) Det skal takast omsyn til eksisterande leidningar i vassdraget ved framføring/legging av omsøkt leidning
- 4) Det skal til ei kvar tid vere eit vasspeil i elveutløpet av Rylandsvatnet og fram til demning ved oppdrettsanlegget
- 5) Før ein set i verk fysiske tiltak i vassdraget skal det søkjast om igangsetingsløyve etter pbl, samt dispensasjon §17-2 i same lov."

Fylkesmannen i Hordaland (brev dagsett 14.12.2000):

"[...] Vi syner òg til vårt brev til NVE datert 08.03.00.

Bakgrunn

Rylandsvåg Drift AS driv setjefiskproduksjon og har Rylandsvassdraget som vassskjelde. Utløpet av vassdraget har frå gammalt av vore nytta til mølledrift, og det har i mange år eksistert rettar til å demma oppføreta regulering knytt til mølledrifta. Desse rettane vart i 1962 overtekne av konsesjonssøkar.

Det vert no søkt om konsesjon for eksisterande regulering av utløpet frå Bjørndalsvatn. Dette utløpet kontrollerer heile det bakanforliggjande vassmagasinet som er dominert av Storavatn. Omsøkt regulering er mellom kote 11,44 moh (HRV) og kote 10,13 moh (LRV). Det vert understreka at det ikkje er smakk om tilleggsreguleringar i høve til den reguleringa som har eksistert i fleire tiår. Verksemda meiner difor ikkje å kunne sjå at dei omsøkte reguleringshødene i framtida vil ha konsekvensar for bruken av vassdraget.

Fylkesmannen si vurdering og forslag til vilkår

Fylkesmannen syner til vårt brev datert 08.03.00. I brevet gjev vi ei vurdering av verdien av heile Rylandsvassdraget. Det vert peika på at vassdraget er eit særskilt viktig friluftslivs- og rekreasjonsområde av stor regional verdi. Vi peikar også på at naturen i seg sjølv har høg kvalitet i delar av nedslagsfeltet. Vi har ingen nye merknader i høve til natur og friluftskvalitetane i området.

I vårt brev av 08.03.00 tilrår vi at det eksisterande tiltaket vert konsesjonshandsama. Grunngevinga for dette var, og er framleis, at ved å fastsetje HRV og LRV vil ein kunna unngå reguleringsnivå som vil kunne vera til skade for t.d. bygningar, landbruksareal og naturområde, samt for stor nedtapping. Med omsyn til reguleringshøyder vil vi framleis tilrå at HRV vert fastsett i samråd med Meland kommune, alternativt på kote 11,44 moh. LRV vil vi tilrå vert sett til 10,44 moh. Grunngevinga for denne tilrådinga er som i brevet av 08.03.00 at vi meiner den omsøkte reguleringa vil kunne turrleggja strandsona og grunnområda i eit omfang som kan medføre fare for redusert tilgong og ferdsløse ved innsjøane i delar av sommarhalvåret. Det vil òg kunna føre til redusert aureproduksjon i Storavatn. Sett ut frå det framlagte vassbruksbudsjettet meiner vi omsøkte regulering er større enn naudsynt.

Eit moment som ikkje vart nemnd i vårt brev av 08.03.00 er at det finnest ein konstruksjon i utløpet av Rylandsvatnet som hindrar fri oppgang av anadrom fisk til vassdraget. Denne har eksistert sidan mølletida, men vi meiner likevel NVE bør sjå på korvidt denne sperra er lovleg.

Fylkesmannen tilrår at konsesjon vert gjeven i medhald av vassdragslova §§ 104-106, og at følgjande vilkår vert sett til regulering/vassuttak:

- 1) HRV: Fastsetjast i samråd med Meland kommune, alternativt til kote 11,44 moh
- 2) LRV: Kote 10,44 moh
- 3) Det skal monterast/merkast opp synleg vasshøgdemål (cm) på demninga ved nedre Skjelven
- 4) Verksemda skal syte for at vasshøgda vert målt og loggført minst ein gong per veke, heile året
- 5) Elva ned frå Rylandsvatnet til demninga før anlegget, bør alltid ha så mykje vatn at groper og fordjupningar ikkje vert tørrlagt."

NVE har motteke følgjande tilleggsmerknader i saka:

Midtre Holsen grunneigarlag (brev dagsett 20.05.01):

"Om reguleringsberegninger punkt 8e.

Me meiner det er viktig at vassmagasinet som Rylandsvåg Drift AS treng for å auka smoltproduksjonen har stor nok leveringskapasitet. Vert denne kapasiteten for liten er det i tørkeperioder fare for tørrlegging av gyteplasser. For låg vannstand vil og vere uheldig for friluftsliv og ferdsel i vassdraget, og då særleg i strandsonene.

Om regulering av Rylandsvatnet punkt 6

Det kom fram under synfaring den 15. mai 2001 at også Rylandsvatnet kan regulerast ved ein demning i utløp. Ut i frå dette bør det også i Rylandsvatnet vere målestasjon for vannstand, og avtale om høgste og lågast vassnivå."

Søklar sine kommentarar til innkomne merknader (brev dagsett 15.01.2001)

"Vi viser til innkomne merknader til konsesjonssøknaden, og kommenterer disse som følger:

Fylkesmannen i Hordaland

*Av hensyn til sikkerhet i driften ved oppdrettsanlegget, er en avhengig av at reguleringshøyden blir som omsøkt, mellom kote 11.44 og 10.13, en reguleringshøyde på 1.31 m. Det understrekes igjen at det kun er i helt spesielle tørre år at de nederste deler av magasinet vil bli tatt i bruk, men konsesjonssøker ber om at **muligheten** bør være der den gangen det trengs.*

Meland kommune

Så vidt vi kan se av dokumentene stiller Meland kommune seg svært positivt til søknaden. Meland kommune har imidlertid ikke gitt uttale til anbefalte reguleringshøyder. Vi ber om at NVE tar kontakt med Meland kommune for å få klarlagt deres syn på reguleringshøydene.

Midtre Holsnøy Grunneigarlag

Grunneigarlagets merknader til søknadens kapasitetsberegning angående nedslagsfelt, magasinkapasitet mv. blir tatt til etterretning uten at vi kan se noen konsekvensbetydning for søknaden.

For øvrig har vi ingen kommentarer angående privatrettslige avtaler eller til oppgang av anadrom fisk.

Vasslaget v/Advokatfirmaet Wesenberg, Komnæs og Sætre

Her har vi ingen kommentarer.

Tilleggsmerknad frå Midtre Holsnøy grunneigarlag (brev dagsett 19.06.2001)

Om reguleringsberegninger pkt. 8e i søknaden.

Det vises til vedlagte magasinberegninger, slik disse framkommer i vårt brev til NVE datert 25.09.2000.

I utgangspunktet hadde vi basert våre hydrologiske beregninger på vassmerket "Herlandsfoss" på Osterøy, som vi mente lå nærmest opp til det aktuelle vassdraget på Holsnøy. Kommentarer fra NVE's hydrologieksptise gikk imidlertid ut på at data fra vassmerket "Hundvinvatnet" ville gi mer korrekte resultater. På bakgrunn av dette sendte vi tilleggsskriv til konsesjonssøknaden, med endring av magasinberegningene slik det fremgår av vedlegget (det vises til omtale av magasinberegningene under søknaden, kap. 1.4). Beregningene er basert på ugunstigste reguleringskurve, i tillegg til at den spesifikke avrenningen på 54,2 l pr. sek pr. km², nok er konservativt vurdert. Beregningene viser at det er svært god sikkerhet for vannforsyningen til oppdrettsanlegget. Vi står fortsatt inne for

konklusjonen om at det kun er i meget sjeldne tilfeller at oppdrettsanlegget har behov for å ta ut det omsøkte magasinivolum. Når det gjelder sikkerheten for "stor nok leveringskapasitet", kan vi ikke gjøre annet enn å vise til de kapasitetsberegninger og konklusjoner som er innarbeidet i konsesjonssøknaden.

Om regulering av Rylandsvatnet pkt.6.

Det fremgår av konsesjonssøknaden at Rylandsvatnet ikke skal reguleres. Forutsetningen er at oppdrettsanlegget kun skal benytte Rylandsvatnet som "transportåre", ved at vann som slippes fra Storavatnet/Bjørndalsvatnet tas ut til bruk i oppdrettsanlegget. Det er overhode ikke aktuelt å benytte Rylandsvatnet som vannmagasin. I de aller fleste tilfeller vil imidlertid vassdraget ha betydelig større kapasitet enn oppdrettsanleggets behov. Overflaten i Rylandsvatnet vil da svinge noe i takt med de vannmengdene som naturlig renner ut fra Storavatnet/Bjørndalsvatnet. Rylandsvåg Drift AS vil imidlertid bidra til at disse svingningene blir minst mulig, ved at utløpet av Rylandsvatnet blir rensket opp. I denne forbindelse er det meningen at eksisterende betongvegg ved utløpet av vatnet avskjæres i den ønskede normalvannstand i Rylandsvatnet.

*Da Rylandsvatnet ikke er omsøkt regulert, kan en vanskelig kommentere LRV og HRV for Rylandsvatnet. Den laveste vannstand som vil forekomme i Rylandsvatnet vil korrespondere med overløpskanten på utløpsdemningen. Storavatnet/Bjørndalsvatnet vil **alltid** ha tilstrekkelig kapasitet til å etterfylle uttaket til Rylandsvåg Drift. Den høyeste vannstanden i Rylandsvatnet vil bli bestemt av de flomtopper som måtte komme i fremtiden. Med de opprenskningstiltak som er tenkt utført i utløpet av Rylandsvatnet, kan en med sikkerhet si at flomvannstanden vil bli betydelig lavere enn før. [...]"*

NVE si vurdering og konklusjon

Det vassdragstiltaket det her er søkt om, som omfattar regulering av Storavatnet/Bjørndalsvatnet med dam ved Nedre Skjelven, overløpsterskel i utløpet av Rylandsvatnet og vassuttak i Rylandsvatnet, er det avgjerande grunnlaget for drift av settefiskanlegget i Rylandsvåg. Samla nedbørsfelt for Rylandsvassdraget er 24 km². Storavatnet/Bjørndalsvatnet har eit samla areal på 3,5 km².

Historisk har det vore mølledrift i utløpet av Rylandsvatnet frå 1860 og fram til 1912. I 1912 gjekk mølla tapt i brann. I 1860 starta ein med regulering av Storavatnet ved Nedre Skjelven. I 1868 fekk mølla rett til å flytte ei gamal demning i elva som renn ut frå Rylandsvatnet. I utløpet var det òg eit friløp til fløyting av tømmer.

I tidsrommet 1912-1962 stod damluker til nedfall, det vil seie at det var fri vasstraum i vassdraget og såleis lågare vasstand enn kva som var tilfelle i mølletida då vatna vart regulert. Grunneigarane rundt vatnet tok difor i bruk dei areala som tidlegare hadde vore overfløymt til jordbruk.

I 1960-åra begynte Rylandsvåg Fiskeri med istandsetjing av Nedre Skjelven og ny demning vart bygd i utløpet av Rylandsvatnet. Gamle reguleringsforhold vart med andre ord teke opp att. Dette ga igjen høgare vasstand, og delvis ulemper for lågtliggjande jordbruksareal. Det oppstod då konflikt mellom søkjar og grunneigarane omkring søkjar sine rettar til regulering av Storavatnet, og saka enda i Gulating lagmannsrett i 1974. Saka munna ut i forlik/avtale mellom søkjar og grunneigarane. Den privatrettslege avtalen av 1974 gjeld Nedre Skjelven og omfattar følgjande:

- HRV vert sett til 1 m under tidlegare fastmerke + 0,5 m i flaumsituasjonar

- LRV tilsvarande botn i lukene ved tidlegare regulering
 - Varig fastmerke vart oppført.
- Fastmerke er i dag kryss i fjellet som syner LRV og HRV.

Planlagt tiltak

Det er søkt om regulering av Storavatn/Bjørndalsvatn mellom LRV på kote 10.13, og HRV på 11.44; ei regulering på 1.31 m. I tillegg er det ønskje om 0.5 m utover 11.44 som tryggleik i flaumsituasjonar. Det vil seie ei total regulering med ei høgde på 1.81 m. Dette er tilsvarande kotar som vart sett i avtalen av 1974. Eksisterande demning ved Nedre Skjelven vert i dag manøvrert manuelt.

I samband med reguleringa skal det leggjast ein ny 1.5 km lang vassinntaksleidning med $\varnothing = 800 - 1000$ mm inn i Rylandsvatnet. Leidninga er planlagt ført frå Rylandsvatnet og nedover gjennom elva til sjølve anlegget.

Anlegget sitt vassbehov går fram av Tabell 1 med eit gjennomsnitt på 16.46 m³/min, med minimum 7.5 m³/min i juni og maksimum 36.8 m³/min i september. Oppgitt forbruk er høgt i den sesongen då tilsiget statistisk sett er minst. Aug – sept vil vere dei mest kritiske månadene.

Tabell 1: Vassforbruk i anlegget og vassføringsstatistikk for Rylandsvassdraget (sistnemnde utarbeida av NVE).

Månad	Vassforbruk oppgitt av Rylandsvåg Drift AS	Månadsmiddel vassføring	Lågaste månadlege middelvassføring 1965 – 1983	Lågaste månadsvassføring i juni – sept. 1965 – 1983 Aktuelt år 1968	Middels dagleg minstevassføring 1965 - 1983
	m ³ /min	m ³ /min	m ³ /min	m ³ /min	m ³ /min
Jan	10.3	95	24		44
Febr	11.0	76	10		29
Mars	12.2	80	21		29
April	13.5	56	8		27
Mai	15.9	35	4		17
Juni	7.5	29	5	15	12
Juli	16.5	35	5	21	13
Aug	34.2	44	4	4	18
Sept	36.8	129	12	12	42
Okt	21.0	132	26		55
Nov	8.7	154	63		60
Des	9.9	122	32		54

Høyring og distriktshandsaming

Søknaden har vore kunngjort og sendt på høyring på vanleg måte. Innkomne merknader har vore lagt føre søkjar for kommentarar.

Grunneigarane er opptekne av at jordbruksareala, samt hyttetomt, naust osv., ikkje vert overfløymt i flaumtilhøve. Dette gjeld både langs Storavatnet og Rylandsvatnet. Grunneigarane er positive til at vasskjelda vert brukt til smolt, men då med den forutsetning at dyrka mark osv. ikkje vert overfløymd. Det kjem òg fram at utløpet av Rylandsvatnet er svært gjengrodd og at det er ynskjeleg med opprensing her. På møte og synfaring 15.05.01 vart det uttrykt ønskje om å sprengje bort nokre innsnevringar på strekninga mellom utløp Rylandsvatn og munningsområde i Rosslandspollen. Det

vert i uttalene vidare peika på at demninga i utløpet av Rylandsvatnet stengjer for oppgang av anadrom fisk, og at elveløpet nedstraums til tider er tørrlagt. Det er òg uttrykt ønskje om å klarleggje kva konsekvensar framføring av ny leidning vil ha for lågaste vasstand i Rylandsvatnet.

Meland kommune har planar om å nytte vasskjelda til drikkevatt i framtida. I dagens vasskjelde vert det tappa 500 000 m³/år. Det finst òg mindre private vassuttak i Rylandsvatnet på 30 – 50 000 m³/år. Ein kan vente ei auke i vassuttak i framtida på grunn av folkeauke. Ein kan då leggje til om lag 2 m³/min for ferskvassuttak frå Storavatnet. Kommunen set vidare krav til nedgraving/-spenging av ny inntaksleidninga i elveløpet, og at det i denne samanheng vert teke omsyn til eksisterande leidningar. Vassnivået i elveutløpet av Rylandsvatnet og fram til demninga ved oppdrettsanlegget skal til ei kvar tid oppretthaldast.

Ved regulering av Storavatnet/Bjørndalsvatnet uttrykkjer fylkesmannen ønskje om LRV sett til kote 10.44, blant anna med omsyn til fisk og tørrlegging av strandsona. Vatna vert òg omtalt som friluftss- og rekreasjonsområde med stor lokal og regional verdi. Fylkesmannen stiller vidare spørsmål om demninga ved utløpet av Rylandsvatnet er lovleg. Demninga stengjer for oppgang av anadrom fisk. I uttalene elles er det uttrykt ønskje om fastsetjing av LRV og HRV i Storavatnet/Bjørndalsvatnet, og manøvreringsreglement.

Verknader av tiltaket

Fordeler

Oppdrettsanlegget vil produsere 2.5 mill. smolt pr. år. Etablering av ny demning ved Nedre Skjelven, og praktiske tiltak i utløpet av Rylandsvatnet, vil påvirke flaumnivået i området positivt. Vidare vil tiltaket sikre vidare drift av det etablerte settefiskanlegget, og såleis medverke til å oppretthalde næringsverksemda i bygda. Vidare vil konsesjonen gje fast definerte rammer for regulering og uttak av vatn.

Ulemper

Det kan verte ei skjemmande reguleringssone rundt Storavatnet/Bjørndalsvatnet. Framføring av vassleidning frå Rylandsvatnet og nedover elva vil vere eit stort inngrep i anleggstida. Vedkommande sistnemnde vert det stilt krav til gjennomføring. Eksisterande demning i utløpet av Rylandsvatnet har stengt for oppgang av anadrom fisk i lengre tid. Det er ikkje kome fram sterke krav om at denne situasjonen skal endrast, og NVE finn difor grunnlag for at eksisterande dam vert ombygd til ein overløpsterskel.

Vurdering

Terrenget rundt Storavatnet/Bjørndalsvatnet er forholdsvis bratt, medan terrenget langs Rylandsvatnet er slakere. Rundt begge vatna finn ein landbruksareal, hyttetomter, sagbruk og naust i strandsona.

Ved Nedre Skjelven bør det setjast ein HRV med fast overløp, og med høve til å senke vasstanden som søkt om, det vil seie 1.31 m mellom kote 10.13 og 11.44. Fylkesmannen meiner at reguleringa bør haldast innan 1m av omsyn til ferdsel i sommarhalvåret og aureproduksjonen i Storavatnet. Med ein maksimal regulering på 1.31m vil det likevel være slik at ved normale tilhøve vil Storavatnet bli regulert vesentleg mindre. Det er berre i tørre år at heile reguleringa kan bli nytta. Det må i denne samanheng òg peikast på at vasstanden kan auke utover HRV på kote 11.44 i flaumsituasjoner. Det er difor naudsynt å dimensjonere overløpet slik at flaumstigninga ikkje vert for stor.

Reguleringa på 1.31 m skal òg dekkje eit eventuelt framtidig vassuttak til drikkevatt i kommunen.

Samstundes med at ein gir konsesjon til regulering på 1.31 m ved Nedre Skjelven vert det sett krav om oppføring av ny demning med tekniske installasjonar med overløp utforma for naturleg

flaumvassføring, og med manøvreringsreglement. Ved Nedre Skjelven skal det etablerast ein målestav som er tilgjengeleg for ålmenta kor LRV og HRV er merka av. Likeins skal vassføringa verte målt og loggført minst ein gong i veka, heile året.

Demninga i utløpet av Rylandsvatnet har ved framføring av ny inntaksleidning til anlegget ingen reell funksjon for anlegget. Ein vil difor foreslå at dammen vert bygt om til ein terskel med fast overløp. Overløpet må dimensjonerast slik at det kan ta imot flaumvatn frå Storavatnet utan å gje ulempe for lågtliggande jordbruksareal rundt Rylandsvatnet. Vatnet skal ikkje senkast under utløpsterskelen, men halde vassnivået mellom utløpet av Rylandsvatnet og overløpsterskelen. Om sprenging og opprensing er naudsynt ved framføring av vassleidning, og for å unngå overfløyning grunna oppstuving langs Rylandsvatnet, bør verte avklart ved å køyre ei hydraulisk modellering av vassdraget. Modelleringa vil fastsetje høgda på overløpsterskelen.

Ny inntaksleidning er planlagt etablert i elveløpet mellom Rylandsvatnet og anlegget. Under høyring kom det fram at det ikkje er utgreidd kva konsekvensar leidninga vil ha for LRV i Rylandsvatnet. Etablering av ein fast overløpsterskel i utløpet av Rylandsvatnet vil avgjere vasstanden i området. Vasstanden over overløpsterskelen vil variere med dei naturlege forholda. Det er dessutan sett krav om at leidninga skal gravast ned/sprengjast ned slik at ho ikkje vert synleg for ålmenta. Om konklusjon gjennom detaljplan for overløpsterskel og legging av leidning syner det naudsynt, kan det verte aktuelt å mellombels halde ein lågare vasstand i Rylandsvatnet ved gjennomføring av anleggsarbeid. Detaljar omkring dette arbeidet må avklarast gjennom godkjenning av detaljplanar.

For tiltaka nemnd ovanfor skal detaljerte planar for utforming og utføring leggjast fram for NVE for godkjenning, jfr. vilkåra.

I høve til innkomne merknader finn NVE at det ikkje er vesentlege merknader til at regulering og vassuttak vert utført i samsvar med søknaden. Negative verknader for ålmenta sine interesser vert etter ei samla vurdering av skader og ulemper vurdert som akseptable i høve til den samla nytta som tiltaket vil gje.

Konklusjon

NVE konkluderer, ut frå ei samla vurdering, at fordelene ved tiltaket er større enn skadene og ulempene for allmenn og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Vi gir difor Rylandsvåg Drift AS løyve til regulering og vassuttak i Rylandsvassdraget til produksjon av settefisk slik dei har søkt om. For å sikre tilgang på ferskvatn vert Storavatnet/Bjørndalsvatnet regulert med 1.31 m ved damanlegget ved Nedre Skjelven, med LRV på kote 10.13 og HRV på kote 11.44. Inntak av ferskvatn vert plassert i Rylandsvatnet.

Vilkåra for løyvet er lagt ved.

Kommentarar til vilkåra

Jf. konsesjonen

Post 1 Reguleringsgrenser, slipping av vatn og vassuttak

- Nedre Skjelven

- 1) HRV: Fastsetjast til kote 11,44 moh
- 2) LRV: Fastsetjast til kote 10.13 moh
- 3) Nedre Skjelven skal justerast opp for slik å unngå manuell manøvrering
- 4) Det skal monterast/merkast opp synleg vasshøgdemål (cm) på demninga ved Nedre Skjelven
- 5) Verksemda skal syte for at vasshøgda vert målt og loggført minst ein gong per veke, heile året

- Utløpet av Rylandsvatnet

- 6) Demninga ved utløpet av Rylandsvatnet skal byggjast om til ein fast overløpsterskel
- 7) Vasstanden i Rylandsvatnet må fastsetjast. Denne skal basere seg på ei hydraulisk modellering av vassdraget. Ei eventuell oppreinsking av strekninga mellom utløp Rylandsvatn og munningsområde i Rosslandspollen skal òg avgjerast på denne bakgrunn

- Vassuttak frå Rylandsvatnet

- 8) Leidninga skal sprengjast/gravast ned i elveløpet slik at ho ikkje vert synleg
- 9) Ved framføring skal ein ta omsyn til eksisterande leidningar i området

Post 4 Godkjenning av planar, landskapsmessige forhold, tilsyn osv.

Vilkåret vil mellom anna omfatte detaljplanar for bygging av ny demning med fast overløp ved Nedre Skjelven, legging av ny inntaksleidning av ferskvatn til anlegget, og bygging av ein fast overløpsterskel kor noverande demning ved utløpet av Rylandsvatnet er lokalisert. Sistnemnde overløpsterskel og ei eventuell oppreinsking av strekninga mellom utløp Rylandsvatnet og utløpsområde i Rosslandspollen skal basere seg på ein hydraulisk modellering av vassdraget.

Detaljplanar for ovannemnde skal leggjast fram og godkjennast av NVE. Ei eventuell nedlegging av anlegget eller delar av anlegget vil måtte gjennomførast i samsvar med prosedyrar etter denne posten.

Post 5. Naturforvaltning

Om fylkesmannen finn det aktuelt å gjennomføre undersøkingar, granskingar og tiltak for fiske i vassdraget, kan regulant verte pålagt å dekkje kostnader med dette.

